

## MØTEREFERAT

Vedlegg nr. 1

### Styringsgruppa for Miljøløftet

**Møte** 03/2026 | **Klokkeslett:** 09.00- 10.30 | **Dato:** 24.04.2026

**Møtestad:** Vestlandshuset, møterom Jostedalsbreen

Saksbehandlar: Kristina Vikesund / Kari Gåsemyr

Dato: 30.04.2026

#### Møtedeltakarar

| Namn                     | Part                                                       |
|--------------------------|------------------------------------------------------------|
| Ingrid Dahl Hovland      | Leiar i styringsgruppa                                     |
| Stian Davies             | Varaordførar, Vestland fylkeskommune                       |
| Tone Oppedal             | Avdelingsdirektør, Statens vegvesen                        |
| Nina Bognøy              | Varaordførar, Alver kommune                                |
| Yngve Fosse              | Ordførar, Askøy kommune                                    |
| Terje Søviknes           | Ordførar, Bjørnafjorden kommune                            |
| Eivind Nævdal-Bolstad    | Byråd, Bergen kommune                                      |
| Anita Garlid Johannessen | Varaordførar, Øygarden kommune                             |
| Anne Iren Fagerbakke     | Direktør, Jernbanedirektoratet                             |
| Synnøve Stalheim         | Direktør, Statsforvaltaren i Vestland<br>(deltok på Teams) |
| Ørjan Raknes Forthun     | Askøy kommune                                              |
| Hilde Heggheim           | Bergen kommune                                             |
| Roald Aandahl            | Bergen kommune                                             |
| Robert Rastad            | Vestland fylkeskommune                                     |
| Torill Klinker           | Vestland fylkeskommune                                     |
| Jostein Fjærestad        | Vestland fylkeskommune                                     |
| John Martin Jacobsen     | Vestland fylkeskommune                                     |
| Malin Bismo Lerudsmoen   | Statens vegvesen                                           |
| Kristian Hella Bauge     | Statens vegvesen                                           |
| Kari Gåsemyr             | Sekretariatet i Miljøløftet<br>(sekretariatsleiar)         |
| Anders Kjetland          | Sekretariatet i Miljøløftet                                |
| Kristina Vikesund        | Sekretariatet i Miljøløftet                                |
| Synnøve Vilsvik          | Sekretariatet i Miljøløftet                                |
| Erlend Otterå            | Sekretariatet i Miljøløftet                                |

## Innhold

|                                                                                 |   |
|---------------------------------------------------------------------------------|---|
| Saksliste byvekstavtalen.....                                                   | 3 |
| Sak 23/26    Godkjenning av innkalling og saksliste .....                       | 3 |
| Sak 24/26    Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 27.03.2026 ..... | 3 |
| Sak 25/26    Detaljerte transportdata med Counting Hero .....                   | 3 |
| Sak 26/26    Trafikksikkerhetsindikator .....                                   | 3 |
| Sak 27/26    Handlingsprogram 2027-2029 .....                                   | 4 |
| Sak 28/26    Årsmelding 2025.....                                               | 5 |
| Sak 29/26    Politisk seminar .....                                             | 6 |
| Sak 30/26    Eventuelt, byvekstavtalen .....                                    | 6 |
| Saksliste bypakke Bergen .....                                                  | 6 |
| Sak 31/26    Eventuelt, bypakke Bergen.....                                     | 6 |

## Saksliste byvekstavtalen

### Sak 23/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

***Vedtak:** Innkalling og sakliste er godkjend.*

### Sak 24/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 27.03.2026

Terje Søviknes, Bjørnafjorden kommune, hadde ein korreksjon til sak 13/26 Arealplanlegging og byvekstavtalen i referatet. I utkastet stod det at dei i Bjørnafjorden ønskjer å flytte kollektivterminalen i Osøyro inn i fjell, men dette var ikkje riktig. Det er berre parkeringa dei ønskjer å flytte inn i fjell.

***Vedtak:** Referatet frå møtet i styringsgruppa 27.03.2026 vil bli korrigerert i samsvar med innspelet frå Terje Søviknes.*

### Sak 25/26 Detaljerte transportdata med Counting Hero

Sigmund Solberg, Vestland fylkeskommune, orienterte om at fylkeskommunen har i eit FoU-prosjekt samarbeidd med Counting Hero der dei har **testa KI-basert kameraanalyse** til å **identifisere ulike køyretøypar basert på visuelle kjenneteikn**.

Solberg viste også til eit anna Counting Hero-prosjekt i Bygarasjen der blir teknologien nytta til å telje passasjerar i bilane slik at dei med 2+ passasjerar kan sleppast inn på eit eige område.

I diskusjonen som følgde ytra Eivind Nævdal-Bolstad, Bergen kommune, ønskje om å **nytte teknologien til å sjå på samkøyring** i bomringen i Bergen. John Martin Jacobsen, Vestland fylkeskommune, støtta dette, og foreslo at kommunen og fylket kan sjå på om det er mogleg med eit felles prosjekt.

Solberg viste også til at teknologien kan bidra til **betre kontroll på talet på lange køyretøy** som passerer bomstasjonar og dermed sikre riktige inntekter.

***Vedtak:** Styringsgruppa tek saka til orientering. Erfaringane frå FoU-prosjektet kan nyttast som vidare kunnskapsgrunnlag i arbeidet med byvekstavtalen og oppfølging av nullvekstmålet.*

### Sak 26/26 Trafikksikkerheitsindikator

Bente Beckstrøm Fuglset, Statens vegvesen, orienterte om ny trafikksikkerheitsindikator. Utgangspunktet er at byvekstavtalane skal levere både på nullvekstmålet og på nullvisjonen for tal drepne og hardt skadde i trafikken.

Fuglseth viste at **utviklinga er urovekkjande**. Det er stor reduksjon i skadde i biltrafikken, men ikkje tilsvarende betring for gåande og syklande. Talet på drepne syklistar i byområda har auka. Fuglseth framheva også at det er betydeleg underrapportering av ulykker med elsparkesyklistar, syklistar og gåande

Trafikksikkerheitsindikatoren skal **hjelpe partane å følge utviklinga** knytt til trafikksikkerheit, vurdere behovet for tiltak og på sikt følge opp effekten av gjennomførte tiltak. Fuglseth viste til at det har vore eit sterkt ønskje om å få etablert ein indikator som

var basert på meir enn politirapportar. Det har vist seg utfordrande å nytte helseregistre, men det blir arbeidd med å få tilgang til nasjonalt traumeregister.

Fleire peika på at trafikksikkerheit er eit viktig tema, og frå Statens vegvesen blei det vist til at trafikksikkerheit **vil vere på agendaen framover**.

Vegdirektøren peika på at det særleg i byane har vore ei urovekkande utvikling. Ho viste til at vi reddar stadig fleire i bil fordi køyretøya får betre kvalitet, men at det samtidig er ein auke i ulykker knytt til gåande og syklende. 21 gåande og syklende omkom i fjor.

Ho peika vidare på at vi skal ha fleire til å gå og sykle, og fleire til å reise kollektivt. Det er derfor viktig med sikkerheit og trygghet for ferdsel. Ho la vekt på at indikatorane gir oss overordna oversikt, men sa også at det er viktig å få til eit samarbeid om helsedata for å få supplerande og meir detaljert kunnskap.

**Vedtak:** Styringsgruppa tek saka til orientering.

## Sak 27/26 Handlingsprogram 2027-2029

Erlend Otterå, sekretariatet, presenterte utkast til handlingsprogram for perioden 2027 – 2029.

Styringsgruppa drøfta prosjektet *Innfartsparkering Åsane Terminal*. Det blei stilt fleire spørsmål ved dette prosjektet som ikkje blei levert innan fristen 1. desember, og som heller ikkje er vurdert fagleg av aktuell arbeidsgruppe i Miljøløftet.

Det blei frå fylkeskommunen, ved Stian Davies, vist til at prosjektet **ikkje er tilstrekkeleg utgreia** og derfor ikkje kan inngå i handlingsprogrammet for 2027-2029. Han viste til at det er stor usikkerheit knytt til måloppnåinga til prosjektet og foreslo derfor at prosjektet kunne inngå i prosjektporteføljen og bli vurdert på nytt for handlingsprogrammet til neste år (handlingsprogram 2028-2029).

Frå Bergen kommune blei det lagt vekt på at innfartsparkering er eit av fire satsingsområde i Miljøløftet og at det ikkje er nytta midlar til dette i Bergen i avtaleperioden. Eivind Nævdal Bolstad la vekt på at det er eit stort fleirtal i bystyret som ønskjer meir innfartsparkering langs innfartsårene i kommunen. Han anerkjente samtidig at prosjektet ikkje hadde følgt vanleg prosedyre då det blei meldt inn til handlingsprogrammet. Han understreka at det **for Bergen kommune er viktig politisk** at prosjektet ligg i handlingsprogrammet, men at det kan leggjast inn ein merknad der det går fram at Bergen vil finansiere forprosjekt i 2026, og at nytteverdien til prosjektet vil bli nærmare vurdert etter dette. Han peika på at det kan bli krevjande for bystyret å vedta handlingsprogrammet om ikkje prosjektet om innfartsparkering i Åsane er tatt med.

Terje Søviknes, Bjørnafjorden kommune, viste til at innfartsparkering er viktig for å få fleire over til buss inn mot Bergen. Han sa vidare at det bør vere mogleg å **vise fleksibilitet** når det kjem opp vanskelege situasjonar knytt til dei demokratiske prosessane hos partane. At det må takast omsyn til lokale ønskje blei også vist til frå Alver og Askøy kommune.

Fleire peika samtidig på at det er viktig at prosessane i Miljøløftet blir følgt og at unntak, slik forslaget om innfartsparkering Åsane terminal frå Bergen kommune er, **ikkje må skape presedens**. Tone Oppedal, Statens vegvesen, understreka at det er viktig at det i sjølve handlingsprogrammet går fram at prosjektet er eit unntak.

Vegdirektøren konkluderte med at vedtaksteksten knytt til innfartsparkeringa ved Åsane terminal måtte formulerast i etterkant av møtet. Sekretariatet utforma i samsvar med dette eit forslag til vedtak i etterkant av møtet som er avklart med partane på e-post.

**Vedtak:** *Styringsgruppa sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2027-2029, og ber sekretariatet ferdigstille dokumenta i samsvar med konklusjonane i møtet. Vedtatt handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2026.*

*Prosjektet «Innfartsparkering Åsane Terminal» ligg inne med finansiering frå 2028. Styringsgruppa i Miljøløftet vil peike på at det er vesentleg usikkerheit knytt til måloppnåing, kostnader og modenheit i prosjektet. Prosessen knytt til dette prosjektet har ikkje vore i samsvar med ordinære rutinar for behandling av handlingsprogram, og bør ikkje etablere presedens for behandling av handlingsprogram i framtida.*

*Bergen kommune vil setje av kommunale midlar i 2026 til eit forprosjekt som vil gi eit betre grunnlag for å vurdere måloppnåing, modenheit og eit meir detaljert kostnadsestimat. Dette vil ligge føre i god tid før rullering av handlingsprogrammet for 2028-2029. Prosjektet er svært viktig for Bergen politisk, og det ligg derfor inne i handlingsprogrammet trass i at det er spelt inn etter fristen. Bergen bystyre fatta også vedtak om prosjektet i mars 2026.*

*Styringsgruppa tar ikkje stilling til nytteverdien og endeleg finansieringsramme av prosjektet, men ventar med denne vurderinga til etter at tiltaket har vore vurdert i høve til modenheit og måloppnåing.*

## Sak 28/26 Årsmelding 2025

Erlend Otterå presenterte årsmeldinga og Synnøve Vilsvik presenterte årsregnskapet. I presentasjonen blei det framheva at

- CO<sub>2</sub>-utslippa har gått ned på grunn av større del elbilar (siste måling gjennomført i 2024)
- Sykkelindeks viser reduksjon i del syklande. Men det er utfordrande å gi eit samla bilde av del syklande på grunn av færre teljepunkt enn for bil.
- Bustader sin gjennomsnittlege avstand til sentrum har gått ned i alle kommunar, medan utviklinga i avstanden til arbeidsplassane varierer.
- Mindreforbruket i 2025 var på 271 millionar, om lag som i 2024.
- Midlar tildelt Miljøløftet i 2025 har blitt nytta, men ein har ikkje klart å ta igjen etterslep frå tidlegare år.
- I Bypakke Bergen har det vore ein stor reduksjon av gjelda i 2025

Vegdirektør Ingrid Dahl Hovland kommenterte at årsmeldinga viser god oppfølging og god styring i Miljøløftet. Ho er samtidig uroa over mindreforbruket. Ho viste til at vi har lett for å være for optimistiske på tid og at det er viktig å få nytta tilgjengelege midlar.

Stian Davies viste til at den største uroa er knytt til at personbiltrafikken går i feil retning. Han viste samtidig til at det er positivt at kollektivområdet fungerer svært godt og at det har vore ein formidabel vekst i tal reisande med buss, båt og bane. Han peika på at vi i det videre arbeidet må huske på kor viktig det er med eit godt kollektivtilbod.

**Vedtak:** *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### Sak 29/26 Politisk seminar

Sekretariatsleiar Kari Gåsemyr orienterte kort om at prioriteringsrådet har foreslått å vente med å arrangere politisk seminar til rammene for reforhandlinga av byvekstavtalen er kjent.

**Vedtak:** *Styringsgruppa tek saka til orientering. Sekretariatet kjem tilbake til korleis og når politisk seminar i Miljøløftet kan arrangerast, når rammene for reforhandlinga av byvekstavtalen er kjent.*

### Sak 30/26 Eventuelt, byvekstavtalen

Ingen saker var melde.

---

## Saksliste bypakke Bergen

### Sak 31/26 Eventuelt, bypakke Bergen

Ingen saker var melde.